

coop

Vest SA

Årsmelding og
rekneskap
for 2017

Extra sterk
ferskvarerjef

Dobla
på to år i Volda

God vekst
på Eid

Kvar tredje
til Coop Vest

Megabra
ferskvarer i Ulsteinvik

Ein stor og viktig
samfunnsaktør

Innertiar
i Kråkenesmarka

Bygda
berga butikken



Årets butikk 2017:



Byggmix Hermansverk

Innhold

Vi er ein stor og viktig samfunnsaktør.....	3
Lokalmaten når stadig nye høgder.....	6
Extra	8
Synnøve er den nye Extra-sjefen.....	8
Har vakse i lag med «nye» Nordfjordeid	10
Ein Extra sterk ferskvarerjef	11
Extra Bygg	14
Obs, obs – no blir dei Obs Bygg	14
Byggmix	18
Marked - Mega - Prix	18
Eit unikt matfat i Ulsteinvik	19
Bygda og butikken - to sider av same sak	24
Strålende vekst i Skjolden.....	25
Faghandel	32
Leiargruppa	35
Nye butikksjefar	35
Coop Vest støttar det frivilljuge arbeidet.....	36
Coop skaut innertiar i Kråkenesmarka	37
Styreleiar har ordet	38
Årsmelding og rekneskap	39
Revisjonsberetning	56
Årsmøtet	58

COOP VEST SA ÅRSMELDING 2017

Tekst og foto, artiklar: Bjørn Grov, Bolfarmen AS
Foto: Photoevent AS – photoevent.no
Grafisk produksjon: Atema AS – atema.no



lokalmat



GEIR ESPE: – Gjennom lokalmatsatsinga vår, der vi gjev produsentane ein marknadsplass, er vi med og legg grunnlag for nye og viktige arbeidsplassar rundt om på bygdene.



- Vi satsar både i bygd og by. Coop Vest er ein stor utviklingsaktør som tek vårt samfunnsansvar på største alvor, seier adm. dir. Geir Espe.

- Vi er ein stor og viktig samfunnsaktør

- Coop Vest er ein viktig bidragsytar for å skape arbeidsplassar og utvikling både i større senter og i bygdene. Vi tek samfunnsansvaret vårt alvorleg, seier adm.dir. Geir Espe.

Dei siste åra har Coop Vest brukt eit hundretals millionar på investeringar i mange store senter.

- Vi har ein filosofi om at det vi gjer skal vere framtidsretta og skikkeleg. Vi vil vere ein utviklingsaktør, i staden for å klatte litt her og litt der. Det kan vere krevjande når det gjeld areal, men på sikt trur eg at alle tener på dette. Skal vi få det til er vi avhengige av å ha ein god dialog med dei aktuelle kommunane.

900 TILSETTE I 28 KOMMUNAR

Når Geir Espe meiner at Coop Vest er ein stor og viktig samfunnsaktør, har han også tunge tal han slår i bordet med.

- Vi har kring 900 tilsette i Coop Vest, fordelt på 28 kommunar i Sogn og Fjordane og Søre Sunnmøre. Vi er vel med dette den største privateigde verksemda i regionen, med ein omsetnad som i fjor passerte 1,8 milliardar kroner.

Tala blir kanskje meir forståelege når ein bryt dei ned på den enkelte kommune:

- Det vil variere etter kor mange butikkar vi har og kor store kommunane er. Eg kan ta Gloppen som eit døme, med Extra på Sandane, Coop Marked på Reed, Prix og Bakar Jon på Byrkjelo. Til saman har vi 75 tilsette i Gloppen. Der var 600.000 betalande kundar i 2017, som sytte for ei omsetning på 121 millionar kroner. Vi er, med andre ord, ei av dei store bedriftene i Gloppen, og slik er det i fleire andre kommunar.

Espe peikar også på at dei er inne som gode sponsorar for ei rekkje lag, organisasjonar og arrangement rundt om i kommunane, og at dei på denne måten legg igjen store pengar i viktige kulturtillbod for små og store.

TA VARE PÅ BYGDENE

Det å utvikle og satse i dei store sentera har vore ein viktig strategi for Coop Vest. Men Geir Espe er også oppteken av å ta vare på småbutikkane, dei som er med på å halde mange lokalsamfunn oppe.

- Ja, også her meiner eg vi gjer ein svært samfunnsnyttig jobb. Vi veit at når butikken døyr, er det også stor fare for at bygda døyr sakte ut.

- Men likevel legg de ned butikkar?

- Ja, det er rett. Vi kan ikkje oppretthalde butikkar for ein kvar pris. Men vi ser på at folk i alle fall har eit tilbod i nærleiken, slik at om ein butikk vert lagt ned, kan ein som ligg nær få eit styrka grunnlag. Og så må sjølvstøtt folk slutte opp om butikken sin og vise at den er levedyktig. Vi har herlege døme frå Skjolden og Fresvik i Sogn på kva som skjer når folk ønskjer nok å halde på butikken sin og skaper eit sunt driftsgrunnlag. Då er vi med på laget.

«I KASSA PÅ COOPEN»

Espe er oppteken av å få fram at det også i butikkbransjen er snakk om kompetanse, menneskekunnskap og høgt teknologi.

- Det vert i samfunnsdebatten av og til snakka litt nedlatande om å «sitje i kassa på Rimi» eller «i kassa på Coopen». Dette gjev eit skeivt bilete av heile næringa. Kassa i butikken er ein høgt teknologisk arbeidsplass, der ein i tillegg skal vere blid, opplagt og ta vare på kundane så godt som det let seg gjere. Det er ein dedikert og krevjande jobb, seier Espe. Han fortel om ein bransje i rask teknologisk utvikling, med sjølvskanning og netthandel som døme.

- Næringa må vere budde på store endringar, og Coop Vest har eit klart mål om å vere med og ligge i tetfeltet i utviklinga.

KUNDANE ALLTID I FOKUS

Og sjefen er midt opp i dette oppteken av at ein opp i all teknologien, ikkje må gløyme å ha kundane i fokus:

- Det å sjå kunden, ta vertsrolla, skal vere det viktigaste for alle våre tilsette. Det er kundane som er levebrødet vårt og eigarane våre, minner adm. dir. Geir Espe om.

- Vi skal ta vår del av samfunnsansvaret for å kunne utvikle heile regionen vår vidare.



Det Coop Vest har gjort når det gjeld lokalmat er unikt i landet og eit føredøme for alle andre, sa sjølve Brimien. Og det likte sjølv-sagt lokalmatsatsinga sin far, Geir Espe, godt å høyre.

“ - Det er det som ein trygt kan kalle berekraftig, der verdiane vert skapte nær brukarane, med små ressursar og kort veg frå jord til bord.

Lokalmaten når stadig nye høgder

- Eventyrleg. Interessa for lokalmat har tatt heilt av dei siste åra, seier adm. dir Geir Espe. Coop Vest omsette i fjor for 50 mill. kroner, og hadde nær 150 lokale leverandørar.

- Dette er eit framifrå døme på korleis vi tek samfunnsansvar, og korleis vi saman med lokale produsentar er med og stimulerer gründerånda, understrekar Geir Espe.

BEREKRAFTIG

- Gjennom lokalmatsatsinga vår, der vi gjev produsentane ein marknadsplass, er vi med og legg grunnlag for nye og viktige arbeidsplassar rundt om på bygdene. Det er vi glade for og stolte av. Vår vinst er å få fleire inn i butikkane våre, og på sikt kan vi kanskje tene litt på det også, seier Espe.

Dette er også ei satsing som treffer tida.

- Det er det som ein trygt kan kalle berekraftig, der verdiane vert skapte nær brukarane, med små ressursar og kort veg frå jord til bord. Det er miljøvenleg, og gjev ferske, unike produkt som her er betalingsvilje til i marknaden, seier Coop Vest-sjefen.

TRENG FLEIRE PRODUSENTAR

Etter ein roleg start med Bakar Jon for nokre år sidan, har interessa eskalert, både mellom kundar og produsentar. No har det kome eigne, til dels store, lokalmatavdelingar i alle Extra-butikkane, i tillegg til fleire av dei andre.

- Vi treng fleire produsentar og fleire produkt, spesielt framfor

høgtidene kan det gå tomt for populære varer. Så her er utan tvil framleis eit stort potensiale, seier Geir Espe.

I fjor haust var det stor lokalmatfest på Bakar-Jon, der stilte produsentane med produkt til open dag, og inviterte gjester fekk seg eit herleg måltid og god informasjon om lokalmatsatsinga i Coop Vest.

UNIKT I LANDET, SA BRIMIEN

Her vart også han som, meir enn nokon andre, i si tid henta den nærreiste maten fram frå gløymelsen, Arne Brimi, presentert som ny samarbeidspartnar og mentor for både produsentar og tilsette i Coop Vest si lokalmatsatsing.

Han var imponert:

- Det Coop Vest gjer når det gjeld lokalmat gjer meg utruleg glad, det er heilt eineståande i landet, sa Brimien, og forsikra om at han ikkje sa dette fordi han fekk betalt for det. Det var ikkje vanskeleg å sjå at han verkeleg var oppglødd for prosjektet.

- Vi kan gjere det fordi vi styrer oss sjølve. Hadde det vore sentralstyring frå Oslo eller andre plassar, hadde det neppe vore noko slikt prosjekt, slår Geir Espe fast.

Men no har det vorte ein så stor suksess at fleire ser mot Vest, for å skape lokalmatfest!



Fylkesordfører Jenny Følling sette som dei andre gjestene pris på all den gode maten, og her får ho kanskje nokre tips frå Arne Brimi.



- Extra-butikkane omsette varer for 928 mill. kroner i 2017, seier Ronny Sørbotten.

Lokalmat i alle Extra-butikkane

- Vi har no på plass lokalmatavdelingar i alle våre 14 Extra-butikkar, seier Ronny Sørbotten.

Ronny var fram til nyttår salssjef for Extra i Coop Vest, då fekk han ansvar for nettopp lokalmatsatsinga.

AUKA MED 5,8 PROSENT

2017 vart eit svært godt Extra-år. Omsetninga var på 928 mill. kroner, det er ein auke på heile 5,8 prosent og utgjer halvparten av inntektene til Coop Vest.

- Vi kunne opne to nye butikkar i fjor, i Stryn og Dale, med gode lokalmatavdelingar. Extra er som kjent ei kjede med ekstra stort utval til ekstra låge prisar. Her skal ein kunne gjere heile vekas handel på ein butikk. Når vi no har på plass lokalmat i alle butikkane, betyr det at utvalet blir enda betre for kundane våre. Det å tilpasse oss deira ønskje og gje dei gode opplevingar i butikken, er det vi jobbar hardt for kvar dag. Dei vil ha billige varer, men også gode, lokale produkt som dei gjerne betaler meir for. At vi i tillegg gjennom lokalmatsatsinga er med og byggjer opp arbeidsplassar i distrikta, er ein kjempefin bonus, seier Ronny Sørbotten.

Sjølvsanking er populært

Coop Vest ligg heilt i tet når det gjeld tilbod om sjølvsanking i butikkane. I tolv av dei fjorten Extra-butikkane er det eit slikt tilbod.

- Det vert stadig meir populært. I enkelte butikkar er det no over 25 prosent av kundane som vel å skanne inn varene sjølv, seier Ronny Sørbotten.



Synnøve Søraa har tatt over som ny sjef for Extra-butikkane i Coop Vest.

Synnøve er den nye Extra-sjefen

- Det er ei spennande utfordring som eg gleder meg til, seier Synnøve Søraa. 41-åringen er ny kvinne i toppleinga i Coop Vest, som sjef for alle Extra-butikkane.

Når ein veit at Extra i fjor hadde ein omsetnad på 928 mill. kroner, om lag halvparten av heile omsetnaden i Coop Vest, ligg det i korta at det er ein viktig jobb Synnøve no tek over.

- Ja, eg er audmjuk for det gode arbeidet som er gjort her siste åra, og skal prøve å gjere mitt for å utvikle Extra. Vi ser at konkurransen om kundane vert tøffare, så vi må berre stå på for å bli betre. Eg likar konseptet, med stort utval til rimeleg pris. I Extra-butikkane skal kundane få det dei vil ha, pluss det vesle ekstra, smiler Synnøve. Ho er tydelegvis begynt å bli varm i Coop-trøya, etter å ha starta i den nye jobben ved nyttår.

SYNLEGGJERE MÅLA

Daglegvare har Synnøve ikkje jobba med før, men ho er BI-utdanna, og har kunnskap frå fleire bransjar. Ikkje minst tek ho med seg det å bygge opp kunderelasjonar, arbeide i team og drive salstrening. Ho har m.a. vore storkundeansvarleg i Essity Professional Hygiene AS, som er eit globalt hygiene- og helseselskap.

- Sjølv om det var business- til businessrelasjonar, vil det ikkje bli så store skilnader i høve til å jobbe med butikkssjefar og tilsette.

EXTRA



EXTRA STORT UTVALG TIL EXTRA LAVE PRISER



Extra Butikksjefsmøte 2017 vart i år arrangert i Stavanger. Frå venstre mot Høgre: Ronny Sørbotten, Martin Hamre, Linda Espelund, Morten Gusdal, Elisabeth Avsnes, Sven Borlaug, Morten Myrland, Bjarte Espeland, Ørjan Alme, Inger Lise Ringstad, Astrid Brusegard, Sissel Myklebust.

Det dreiar seg om å forstå behov og ha forventningar. Det handlar om menneske, og å kunne utvikle oss vidare. Så eg trur eg har ein god bagasje med meg inn i den nye jobben, seier Synnøve Søraa. Ho er oppteken av å få med seg dei tilsette i butikane mot dei måla ein har sett seg, og at det er viktig å synleggjere desse måla.

- Å bruke måltal i det daglege arbeidet er viktig. Det handlar om at ein ikkje skal fatte avgjerder på kjensler, men på noko målbart.



- Men eg har ikkje så mange høner at eg har egg å levere til Extra, ler ho.

VERE TRU MOT KONSEPTET

Den nye Extra-sjefen er oppteken av å delegere, både tillit og oppgåver, men samstundes at ansvar vert plassert på det rette nivået. Sameleis at ressursane vert brukt på best mogeleg måte og så effektivt som råd i den enkelte butikk.

- Vi må alltid prøve å gjere ting litt smartare. Alt vi gjer må til sjuande og sist vere retta mot kunden, slår Synnøve Søraa fast.

- Det er ikkje nokon enkel stafettpinne å ta over. Men vi må halde fram med det vi er gode på, vere tru mot konseptet og utvikle potensialet vidare, slår ho fast. Kan ein gjere arbeidspros-

sar enklare og systematisere dei, vil det bli meir tid til kunden. Sjølvskanning er ein del av same biletet.

KUNDEN SITT FOKUS

- Korleis vi presenterer ting i butikken er sjølv sagt viktig. Har vi det same ståande på same plassen, blir folk til slutt blinde på det. Flytter ein på det, så kan det hende kunden oppdagar nye produkt dei ønskjer å prøve. Sameleis at ein hjelper kunden med å hugse. Legg ein til dømes desse bjørkepinnane i lag med pinnekjøttet, vil kunden oppleve det som ei positiv påminning.

- Som du skjønner har eg enno med meg kunden sitt perspektiv inn i dette, og det er kanskje ikkje så dumt, ler Synnøve.

- Eg berre gleder meg til å bli betre kjent med bedrifta og alle tilsette. Eg skal yte mitt for at Extra skal bli enda betre. Og eg er glad i å vinne, legg ho til.

I BESTEMORS HUS

Synnøve kjem frå Bergen, der ho har to søner i slutten av tenåra buande. Ho har slått seg ned i farmor sitt hus på Sande i Sunnfjord, der ho har både hund og høner.

- Men eg har ikkje så mange høner at eg har egg å levere til Extra, ler ho.

Har vakse i lag med «nye» Nordfjordeid

- Utviklinga har vore fantastisk. Vi har vakse i takt med den «nye handelsstaden» Nordfjordeid.

Ho kan smile godt, butikksjef Linda Espelund på Extra Nordfjordeid, som har hatt ei formidabel utvikling sidan dei opna 15. september i 2016.

- I 2017, vårt første heile driftsår, har vi hatt ein omsetnad på vel 84 millionar kroner. Auken er på 15 prosent over siste driftsår som Mega, og det er 10 mill. kroner over budsjettet for det første driftsåret som Extra. For oss som jobbar her, har det vore fantastisk å vere med på. Vi har vorte tekne så utruleg godt i mot. Og omsetninga viser at det var bruk for oss, seier Linda, som med desse tala styrer ein av dei aller største butikkane i Coop Vest.

“*Det er ei herleg avveksling å kome i fjøsen og stelle med dyra!*”

- HANDEL AVLAR HANDEL

Ho ser også utviklinga i samanheng med det som har skjedd på Nordfjordeid elles dei siste par åra.

- Det er ei formidabel endring. Frå å vere ein litt stille, smått sovande handelsstad, har det utvikla seg til ei nesten kokande gryte der det stadig skjer nye ting. Vi har hatt utbygginga av Amfi, og no sist kom Biltema. Det heiter at handel avlar handel, og det er vel det vi har sett på Nordfjordeid den siste tida. Det er utruleg kjekt å vere med på, smiler Linda Espelund, som fortel at kundane kjem både frå kysten og frå dei andre nabokommunane.

MALAKOFF ER VIKTIG

Sommaren si store happening på Nordfjordeid er sjølvsgatt Malakoff-festivalen.

- Vi har tidlegare, då vi var Mega, hatt god omsetnad under



FRUKTBAR UTVIKLING: - Vi har vorte utruleg godt tekne i mot. Vi er strålende nøgde, seier butikksjef Linda Espelund på Extra Nordfjordeid, etter at dei passerte 84 millionar kroner i omsetnad første heile driftsår.

Malakoff, og var litt skeptiske når vi no er komne lenger vekk frå festivalplassen. Ja, vi er den matvarebutikken som ligg lengst vekke frå området. Men det viste seg at all skepsis var grunnlaus. Vi hadde ei kjempeomsetning under Malakoff i fjor sommar. Vi er med og sponsar og samarbeider med arrangørane om levering av varer, og dette er noko vi håpar på å kunne utvikle vidare på festivalen til sommaren.

FIN AVVEKSLING I FJØSEN

Med kring 18 tilsette, er det eit tøft løp å halde det gåande lange dagar, seks dagar i veka.

- Ja, det er klart det. Ein må berre stå på og halde trykket oppe. Eg er nok glad for at eg ikkje har små born lenger, smiler ho. Men derimot har dei kyr på bås heime på garden i Heggjabygda.

- Vi driv med mjølkeproduksjon. Det er ei herleg avveksling å kome i fjøsen og stelle med dyra. Det gjer noko med ein. Dei utfordringane ein måtte ha i butikken blir mindre då, og så blir vel dei utfordringane ein måtte ha på garden mindre når ein kjem i butikken, slår Linda Espelund fast.

Og går omsetnad oppover i same takt på garden som i butikken, går dei lyse fjøstider i møte i Heggjabygda også...

Ein Extra sterk ferskvarerjef

- Litt ekstra krefter kjem jo godt med i jobben også, smiler ferskvarerjef Signe Elisabeth Belden i Extra Stryn. Dama er råsterk. Sterkast i landet og klar for VM i styrkeløft i Canada i juni.

Å løfte nokre kasser med frukt eller ta større pakkar ned frå ein pale i butikken i Stryn, er ikkje den heilt store utfordringa for sterke Signe. Det kan ein trygt slå fast når ein har løfta ei vekt på 170 kg frå bakken til ein står i oppreist stilling. Markløft er ei av tre øvingar i styrkeløft, der Signe Elisabeth er norsk meister i 63 kilos klassa og landslagsutøvar. Under regionsleikane i starten av februar forbetra ho sin eigen norske rekord i det som vert omtala som utstyrsfri løfting.

TIL VM I JUNI

- Eg sette norsk rekord i knebøy med 155 kg, eit forbetring frå 152,5 kg. I benkpress vart det personleg rekord med 90 kg, medan det vart 170 kg i markløft. Totalt gav det 415 kg, som også er norsk rekord, og fem kg betre enn den gamle rekorden. Spesielt sidan eg hadde influensa veka før, så var det eit resultat eg må vere strålende nøgd med, smiler trebarnsmora, som vart norsk meister i fjor haust og som no er inne på landslaget. No kan ho ha fullt fokus på den neste store konkurransen, som er VM i Canada i juni.

For prestasjonane så langt har ho vorte hylla både av ordførar og andre. Eit anna godt teikn på suksess er at lokalavisene gjer henne til sin eigen. Fjordenes Tidende skriv at ho er frå Måløy, Fjordingen at ho er frå Stryn. Begge deler stemmer. Ho kjem frå Måløy, men bur og jobbar på Extra i Stryn, og ho representerer det sterke miljøet styrkeløftgruppa i Stryn IL.

STYRKE OG TEKNIKK

- Det er sjølvsagt veldig kjekt når det går bra, smiler Signe Elisabeth. Men at det ligg mykje trening bak skal ingen vere i tvil om. Det handlar ikkje berre om å vere sterk, men minst like mykje om god teknikk og å kjenne kroppen sin. Eit sunt og godt kosthald er ein viktig del av denne idretten også.



At Extra i Stryn har ein ekstra sterk ferskvarerjef, er det ingen tvil om. Trebarnsmora Signe Elisabeth Belden er norsk meister og klar for VM i styrkeløft.

- Eg trenar frå tre til fem dagar i veka, seier Signe Elisabeth, som berre har drive med styrkeløft i to år.

- Men eg har alltid vore interessert i styrketrening. Så var det Rune Berger, som er tidlegare landslagsløftar som også jobbar her på Extra, som meinte at eg hadde talent for løfting. Dermed kom eg i gang med treninga, og sidan har det berre utvikla seg.

LIVSGLEDE OG OVERSKOT

Med to slike sterke personar i staben, er det neppe noko smart trekk å prøve seg på noko tull i butikken i Stryn. Men det er sjølvsagt ikkje drivkrafta.

- For meg handlar det å drive med denne idretten om livsglede. Det er å møte nye, spennande folk og få fine opplevingar. Dessutan gjev det ny kunnskap om kroppen og kosthald, som eg synst er lærerikt og viktig, fortel Signe Elisabeth Belden. Ein annan positiv effekt av treninga, er at det også gjev overskot i jobben:

- Ja det er klart det. Trening gjev ekstra overskot, og eg har ein jobb eg trivst svært godt i. Eg har også ein arbeidsgjevar som gjev meg høve til å drive idretten min og konkurrere på høgt nivå. Det set eg stor pris på, seier den ekstra sterke ferskvarerjefen på Extra i Stryn.



Lokalmat: Coop Vest satser på lokalmat. Her frå Extra Dale som opna 16. november 2017.



Extra Fosnavåg: Her repr. ved ferskvarerjef Britt Inger Gusdal.



Extra Hareid: Her repr. ved Monja Andersen.



Extra Kaupanger: Her repr. ved frukt- og grøntansvarleg, Mette Østerbø.



Extra Florø, her representert ved Bodil Svortevik.



Extra Førde: Extra Førde var 10 år i oktober 2017.



Extra Høyanger: Marknadsdag i 2017.



Extra Naustdal: Extra Road-show sommaren 2017.



Extra Sandane: Årets butikk i Coop Vest 2016 vart Extra Sandane. Her frå vinnarturen til Viavang. Bak frå venstre: Heidi Engeseter, Reidun Ask Flølo, Jorunn Seljelid, Annika Risholm, Sissel Ness, Åse Margrete Seime, Eva Isene og Marte Sunde Hjelte. Framme frå venstre: Frøydis Seime Øygard, Emilie Evebø, Lina Skogen, Elin Støylen og Ariane Arnestad.



Extra Sogndal: Sogndalsbua opna på Extra Sogndal. Coop Vest er sponsor til Sogndal fotball. Som ein del av samarbeidet sel Extra Sogndal sogndalseffekter.



Extra Volda: Frå venstre Ingelin T. Øye, Thaer Alhams, Nina Øye, Vigdis O. Østgaard, Sissel Myklebust. Foto: Roy-Arne Folkestad



Extra Øvre Årdal: Her repr. ved Elisabeth Helle.



Kriteria for å bli årets butikk har fleire element. Det blir basert på auka omsetning, resultat og kundemålingar.



Årets Extra: Extra Naustdal



EXTRA NAUSTDAL blei kåra til "Årets Extra" blant butikkane i Coop Vest. Butikksjef Bjarte Espeland mottok prisen.



EXTRA VOLDA: Størst omsetningsvekst i % i 2017.



Til tross for ein nedgang i byggevaremarknaden, kan salssjef Tore Gamborg fortelje om ein vekst for byggevarehusa til Coop Vest på nesten ti prosent.

Ti prosent vekst i ein tøffare byggemarknad

Salet av byggevarer i regionen gjekk for første gang på lenge ned i 2017. Likevel hadde Coop Vest ein auke på nær ti prosent i byggevarehusa sine!

- Byggevaremarknaden i vår region, «gjer det sjølv»-marknaden, hadde for første gang på mange år ein nedgang i 2017. Difor er det ekstra gledeleg at denne sektoren i Coop Vest noterte seg for nok eit år med vekst og ein større del av kaka, seier Tore Gamborg, som er salssjef både for Extra Bygg og Byggmix.

Han kan fortelje om ei omsetning på nær 258 mill. kroner. Dette gjev ein samla vekst i byggevarehusa i Coop Vest på knappe ti prosent. Imponerende i ein marknad som har hatt nedgang.

- Vi kan berre rette ei stor takk til butikksjefane og alle dei fantastiske tilsette for denne prestasjonen, seier Gamborg.

BLIR OBS BYGG

2018 vert nok eit spennande år, då skal Extra Bygg-butikkane profilerast om til Obs Bygg.

- Dette vil ytterlegare forsterke vår posisjon som prisleiar i marknaden. Vi innfører eit såkalla «prisløfte» til kundane våre, der vi garanterer at vi skal vere billegast på vårt sortiment. Obs Bygg vil også gje våre kundar høve til å handle byggevarer døgnet rundt gjennom ein funksjonell nettbutikk. Då kan våre kundar handle alt dei treng til små og store oppussingsprosjekt heime i sofaen, seier Tore Gamborg.

STRÅLANDE FOR BYGGMIX

- Det er berre å gratulere våre byggmixbutikker med nok eit strålande år. For andre året på rad tek butikkane marknadsdelar og har ei tosfra vekstrate. Ramborg rosar den innsatsen butikksjefane og dei tilsette gjer gjennom stort eigarskap til jobben, høg kompetanse og eit genuint ønskje om å skape gode kundeopplevingar:

- Eg er trygg på at butikkane sitt vedvarande fokus på å styrke kompetanse, tilpasse sortiment og vere tilgjengeleg for kundane våre, vil bere frukter også i åra som kjem.



Obs, obs, obs –

No går Extra Bygg-butikkane i Volda, Førde og Ulsteinvik over til å bli Obs Bygg.

– Vi er klar, seier butikksjef Marius Søvik (30) på Extra Bygg i Volda, som har hatt ei eventyrleg utvikling dei siste åra.



no blir dei Obs Bygg!

- Måling er noko vi sel mykje av, seier butikksjef Marius Søvik. Han meiner omlegginga til Obs vil gje eit enda betre tilbod for kundane.

Knappe to år etter at dei opna som Extra Bygg i juni 2016, må byggevarebutikken i Volda skifte profil igjen.

POSITIVT FOR KUNDANE


- Det er ei utfordring vi er klar til å ta. Den 12. april går vi over til Obs Bygg, då går vi inn i ein ny epoke med nye mogelegheiter, smiler Marius, som då også kan titulere seg som varehussjef. Han ser berre positivt på endringa, sjølv om det medfører ein del arbeid:
- Det betyr at vi må endre profilen med nye skilt og logoar og slikt. Elles kjem det fleire nye ting som vil vere positivt for kundane, og

det er jo dei vi må ha fokus på. Viktig nytt er at det no vert opna for netthandel. Det betyr at kundane kan sitje heime å planlegge kva dei skal ha, så kan dei gå inn på nettet og sjå kva vi har på lager til ei kvar tid. Du kan handle varer døgnet rundt heime frå sofaen, så kome og hente dei i opningstida, seier Søvik, som også framhevar den nye kundelovnaden til Obs Bygg.

- Vi gjev kundane ein garanti om at vi skal vere billegast i området på vårt sortiment. Han seier det ikkje er aktuelt å utvide butikken, men det kan likevel bli aktuelt med eit større utval på enkelte ting.
- Vi har den plassen vi har, men for dei tinga som går unna kan det sjølsagt vere aktuelt å utvide sortimentet.



Her er nokre av dei tilsette i det som blir Obs Volda, som kan juble for ei strålende utvikling med ei dobling av omsetnaden på to år. F.v. Daniel Grevsnes Denton, Maria Nordal, Marius Søvik, Vibeke Remmen og Anders Horvei.



I «Drive in»-butikken kan du køyre inn med bil og lesse inn med varer undervegs.



Ved utgangen vert varene skanna og du kan betale.

DOBLA PÅ TO ÅR

Byggevarerbutikken i Volda har hatt ei eventyrlig utvikling sidan den gjekk over frå Byggmix til Bygg Extra i juni 2016. Ja, faktisk er omsetninga dobla på to år.

- I 2015 hadde vi 30 mill. kroner i omsetnad, i 2016 gjekk den opp til 45 mill., medan vi i 2017 landa på nesten 60 mill. kroner. Det er ei utvikling vi sjølvstøtt er strålende nøgde med, seier Marius, som også gleder seg over gode tilbakemeldingar frå kundane. - Ja, på den laupande kundemålinga, gjort i alle Bygg Extra-butikane i landet, scorar vi høgast både når det gjeld nøgde kundar og lojalitet. Når kundane er nøgde, er også vi nøgde. Det er jo difor vi er her, slår Marius fast. Og kundane dei kjem frå heile søre Sunnmøre og frå deler av Nordfjord. Dei har bilar som køyrer ut i distriktet med byggevarer.

SUKSESS FOR «DRIVE IN»

I «drive in»-sona i butikken kan du køyre gjennom med bil og plukke med deg varer undervegs. Du får også låne hengar, om du treng det. Her lesser du på alt du har bruk for, ved utgangen vert varene du har tatt med deg skanna inn, og du får betalt dei. - Dette har vorte ein suksess. Her kjem folk og handlar til alt frå å bygge eit kaninbur eller til nytt hus. Både privatfolk og entreprenørar gjer seg nytte av drive in-butikken, seier Marius.

Saman med staben på 23-24 tilsette gleder han seg storleg over den fine utviklinga i Volda.

- Vi har ein flott og positiv stab som set kundane i sentrum. Vi skal gjere det vi kan for at den gode utviklinga skal halde fram også som Obs Bygg, lovar varehussjefen i Volda.



Avdelingsleiar Daniel Grevsnes Denton syner fram ei velsortimentert golvvanddeling ved Extra Bygg Volda



Gruppeleiar Stig Petter syner litt av eit stort utval av elektroverk-
tøy og festemiddel ved Extra Bygg Ulsteinvik.



Butikksjef ved Extra Bygg Førde, Rune Øksenberg, mottok det
synlege beviset for å ha blitt kåra til Norges beste Extra Bygg
butikk av kjededirektør, Josef Gimsøy.



**Kriteria for å bli årets butikk har fleire
element. Det blir basert på auka omsetning,
resultat og kundemålingar.**



Årets Bygg: Byggmix Hermansverk



BYGGMIX HERMANSVK blei kåra til
“Årets Bygg” blant butikkane i Coop Vest.
Butikksjef Terje Marøy mottok prisen.



**EXTRA BYGG VOLDA: Årets komet,
butikksjef Marius Søvik.**



Byggmix Åheim: Her repr. ved butikksjef Lilli-Ann Bakkebø.



Byggmix Hermansverk: Her repr. ved Camillia Insteffjord Andersen og Geir Skorpen.



Byggmix Gaupne: Her repr. ved Kjetil Øygard og Ronny Thunes.



Ivar Dvergsdal, salssjef for Coop Vest sine butikkar i Marknad-, Mega- og Prix-kjedene.



Marked, Mega og Prix i 2017

Ivar Dvergsdal er salssjef for Coop Vest sine butikkar i Marknad-, Mega- og Prix-kjedene. Her er ei kjapp oppsummering av utviklinga for desse kjedene i 2017.



MARKED

Coop Vest har i dag 26 Marked-butikkar fordelt på 16 kommunar. I 2017 selde butikkane for 264 millionar kroner, som er betydeleg i Coop Vest-samanheng. Marked-butikkane er svært viktige for mange bygdelag. Vi vil takke våre eigarar og kundar som sluttar opp om den lokale butikken. Utan dykk vil ikkje butikken vere der, og vi ønskjer å vere til stades saman med dykk alle saman!



MEGA

Coop Vest har i dag tre Mega-butikkar, som i 2017 selde for 161 millionar kroner. Vi har eit klart mål om at vi skal vere den beste supermarknadbutikken på staden. Difor rustar vi butikkane opp på eit høgt nivå, og vi skal ha eit utval som er unikt i høve til andre. Vi har eit klart mål om at dei som handlar i våre butikkar skal få ei god kunde- og handleoppleving!



PRIX

Coop Vest har i dag fem Prix-butikkar som i 2017 selde for 171 millionar kroner. Butikkane ligg ute i distrikta på større plassar, og kundane våre opplever dei som gode å handle i, med godt utval og hyggelege prisar. Det som er ekstra kjekt for oss er dei gode tilbakemeldingane på våre tilsette. Her ligg også nøkkelen til vidare positiv utvikling i framtida.



- Her er noko for ein kvar smak, lokkar ferskvarer sjef Dora og butikksjef Ann-Charlotte. Ferskvaredisken på Mega Ulsteinvik er imponerende. Så omset også butikken like mykje i ferskvarer som i tørrvarer.



Eit unikt matfat i Ulsteinvik

Det er ingen floskel å hevde at det bugnar av godsaker i disken til Dora og Ann-Charlotte på Mega Ulsteinvik.

– Ja, eg er ikkje redd for å seie at ferskwareavdelinga vår er noko heilt unikt, seier butikksjef Ann-Charlotte Sørheim.



I ostedisken fann vi til og med Kraftkar. Vi tenkjer ikkje på adm. dir. Geir Espe, men derimot osten han studerer saman med Ann-Charlotte, kåra til verdas beste ost.

- Kva kan det smake med i dag, smiler Dora, bak ein disk av innbydande matrettar, som kan ta pusten frå ein kvar svoltne stakkar. Ho heiter eigentleg Tudorita Munteanu og kom frå Romania til Ulsteinvik for åtte år sidan. Ho er kokk og dreiv sin eigen restaurant. Ho vart ferskvarer på Mega, der ho med iver, entusiasme, fagkunnskap og matglede har bygt opp ei fantastisk ferskvareavdeling.

LIKE MYKJE I FERSKVARER

- Dora er heilt suveren, den jobben ho har gjort er eineståande. Ho har utvikla mange rettar, har sine egne oppskrifter og berre køyrer på, smiler Ann-Charlotte. Så er det også ganske spesielt at i denne butikken omset dei like mykje i ferskvarer som i tørrvarer. Butikksjefen er snar med å understreke at det sjølvstøtt er eit heilt lag av dyktige medarbeidarar som har gjort det mogeleg å bygge opp eit ferskvaretilbod, som ein berre må la seg imponere av.

- Ja, her jobbar vi i team og i lag. Det er viktig at alle kan trå til der det er bruk for ein ekstra innsats. Det er ein tankegang eg tok med meg frå min gamle arbeidsplass på Extra, då eg begynte her for tre år sidan, seier Ann-Charlotte, som sjølv er utdanna kokk, og har diplomutdanning i kjøtfag.

TIL OG MED KRAFTKAR

Ein ser fort at det er noko spesielt dei har fått til i Ulsteinvik. Salat-

baren er freistande, ryddig og rein, frukt- og grønt-avdelinga like eins. I den imponerende ostedisken finn vi til og med Kraftkar, kåra til verdas beste ost med ein pris deretter. Og diskane med alle slags freistande varm- og kaldrettar, kan få kven som helst vekk frå tanken på å lage middagen sjølv.

- Det spennande innhaldet her gjev eg Dora æra for. Min jobb i dette etter at eg kom her har vore å få sett dette i eit system, fått gode kalkulasjonsrutinar slik at vi kan prise varene riktig. Vi må syte for både å drive lønsamt og å tilfredsstille alle dei krav som vert stilte av Mattilsynet, slår butikksjefen fast.

LIGG MIDT I SMØRAUGET

Så må det også seiest at ein i Ulsteinvik har eit spesielt godt utgangspunkt for å kunne drive ei blømande ferskvareavdeling.

- Vi har mange arbeidarar i verftsindustrien her, fleire er tilreisande og einslege, dei har stort sett god økonomi. Det å kjøpe seg varm lunsj eller kunne ta med seg ein grei og billig middag herifrå, er populært. Elles er vi heldige å ligge midt i sentrum og i eit senter både med forretningar og kontor, i tillegg ligg både ungdomsskulen og vidaregåande skule nær oss her. Så vi ligg midt i smørauget, kan ein seie.

Ann-Charlotte Sørheim fortel at dei får mange gode tilbakemeldingar frå brukarane.

- Ja, dei er veldig positive og begeistra, både over maten og sørvisen dei får. Det er ein honnør til dei som jobbar her, her er



*- Vi er heldige som ligg midt
i sentrum og i eit senter både med
forretningar og kontor.*

det ikkje snakk om å gøyme seg vekk frå kundane, smiler butikksjefen.

STØRST PÅ SJØLVSKANNING

Ein annan ting dei har jobba målmedvite med er sjølvskanning. Mega Ulsteinvik har størst bruk av butikkane i Coop Vest på dette området.

- 40 prosent av det som vert handla her går gjennom ein av dei fem sjølvskannarane. Dette har vi fått til med å ha det vi kallar ein sørvisvert. Det betyr at ein av våre tilsette, det går på omgang, heile tida har ansvar for at ting fungerer, og at dei som vil bruke skannaren får den hjelpa dei treng. Då tek det ikkje lang tid før dei fiksar dette sjølve. Og når vi treng mindre folk i kassa, kan vi yte betre sørvis i butikken. Sjølvskannaren er det beste som har kome i butikken her, seier Ann-Charlotte.

Ho og dei andre tilsette får skryt av sjefen sjølv, Geir Espe, for innsatsen:

- Det å ha ein eigen sørvisvert for å hjelpe kundane er genialt. Og denne ferskvareavdelinga er imponerende. Alt er gjort skikkeleg her, og det skal dei tilsette ha stor ros for.

PÅ STIGANDE KURS

I tillegg til det som er i butikken, leverer butikken også kaldtbord på bestilling. Dei har fått laga sin eigen brosjyre på det.

- Den marknaden er stor og spennande, slår butikksjef Ann-Charlotte Sørheim fast. Fullt vitande om at det er oppgangstider på gang i Ulsteinvik. Etter nokre tøffe år i verftsindustrien, er konjunkturane igjen på stigande.

Det er godt nytt også for Mega Ulsteinvik med si mega ferskva-reavdeling.



Dora, Ann-Charlotte og dei andre på Mega Ulsteinvik lagar utruleg mykje god mat. Det dei ikkje får selt og som er fullt brukande, tek dei vare på til trengande. Eit prosjekt dei saman med Frivilligsentralen fekk Miljøprisen for.

Fekk miljøpris for mathjelp til trengande

Saman med Frivilligsentralen fekk Mega Ulsteinvik Miljøprisen for 2017 frå Ulstein SV. Dette for eit unikt hjelpeprosjekt.

Prisen fekk dei for å ta vare på mat, slik at trengande kan få glede av den.

- Det vi gjer er å plukke ut varer vi ikkje lenger kan selje, men som likevel er fullt brukbare. Det kan vere alt frå brød og kjøtvarer, tørrvarer, julekaker, konfekt eller sjokolade. Vi registrerer varene og frys dei inn. Så kjem det folk frå Frivilligsentralen ein gong for månaden og hentar maten, for seinare å dele den ut til folk som treng det og ikkje har råd til å kjøpe seg mat. Det er fleire av dei enn ein skulle tru, seier butikksjef Ann-Charlotte Sørheim, og kallar dette ein vinn-vinn-situasjon.

- Folk med dårleg råd får mat, vi slepp å kaste så mykje og får reduserte søppelkostnader. Dette synst vi er meningsfullt, det har vorte ein heilt naturleg del av jobben. Vi tenkjer faktisk ikkje lenger på at det er så spesielt, seier ho.



Kriterier for å bli årets butikk har flere element. Det blir basert på auka omsetning, resultat og kundemålingar.



Årets Mega: Coop Mega Volda



MEGA VOLDA blei kåra til “Årets Mega” blant butikkane i Coop Vest. Butikksjef Bjørn Vegard Pedersen mottok prisen.



Mega Førde: Julia 2017.



Mega Førde: Førde Post i Butikk.



Mega Volda: Her repr. ved f.v. Silje Merete Rusten, ass. ferskvareressjef og Laila Lied, ferskvareressjef.



Årets butikk 2017: Byggmix Hermansverk

BYGGMIX HERMANSVERK blei kåra til “Årets Butikk” blant alle butikkane i Coop Vest.
Frå venstre: adm. dir. Geir Espe og butikksjef Terje Marøy som mottok prisen.



- Eg er imponert over engasjementet både bygdefolk og dei tilsette i Marknad-butikken i Fresvik viser, seier salssjef Ivar Dvergsdal.

Bygda og butikken – to sider av same sak

I Fresvik i Sogn har dei lært seg å kjempe for det dei har. Butikken er, som skulen, ein av dei viktige byggsteinane i bygda. – Engasjementet er imponerende, seier salssjef Ivar Dvergsdal i Coop Marknad.

I fjor haust var fresvikjane nok ein gong ute i kamp for å berge skulen sin.

- Å legge den ned er som å be folk reise frå bygda, sa bygdefolk til Sogn Avis. Men med knappast mogeleg margin, ni mot åtte røyster, vedtok Vik kommunestyre at skulen få leve vidare. Og då var det sjølvstort stor glede i bygda.

STORT ENGASJEMENT

Om siste ordet er sagt i skulesaka står att å sjå, men at folk i bygda vil halde fram med å engasjere seg for dei tilboda dei har, skal ingen vere i tvil om. Butikken er, som i mange andre mindre bygder langt frå større senter, ein avgjerande faktor for at folk skal ha ei framtid her.

- Dei har eit stort og varmt engasjement for butikken sin og bygda si, slår salssjef Ivar Dvergsdal i Coop Marknad fast. Han er imponert over bygdefolket sin oppslutnad kring Coop-butikken sin. - Marked-butikkane er ein viktig aktør og støttespelar ute i distrikta. Når bygda og butikken spelar på lag, får vi eit godt samlingspunkt og ei god utvikling. Vi har mange engasjerte sjeler



som gjer alt for at butikkane skal bestå. Fresvik er eit godt døme på dette, gjennom det engasjementet både bygdefolk og våre tilsette viser. På kort sikt er det ingen fare for butikken, seier Ivar, som fortel at årets budsjett er som i 2017, på vel seks millionar kroner.

TEK SAMFUNNSANSVAR

Dvergsdal kjenner mange småstader med butikkar som har eit marginalt livsgrunnlag. Butikken i Fresvik står i utgangspunktet sterkt. Det er eit relativt stort bygdesamfunn, 24 km frå hovudveg og med 40 industrijobbar.

- Med eit slikt grunnlag burde butikken ha ei framtid. At her er andre viktige tilbod som t.d. skule, er sjølvstort også ei styrke for butikken. I Coop er vi veldig medvitne på vårt samfunnsansvar både på små og store stader. Men ofte kan marginane vere små, og vi kan ikkje halde butikkar gåande for ein kvar pris. Dei må ha oppslutning og eit sunt driftsgrunnlag. Det trur eg dei fiksar fint i Fresvik, seier salssjef Ivar Dvergsdal.



Det var stor festivitas då det nye butikkbygget i Skjolden vart opna i mai 2016. Det første heile driftsåret syner ei eventyrleg utvikling i omsetninga.

Strålande vekst i Skjolden

- Ei skikkeleg gladhistorie, seier adm. dir. Geir Espe i Coop Vest, etter det første heile driftsåret i den nye butikken i Skjolden i Sogn.

Bygdefolket nekta å gje opp, då Coop la ned butikken i Skjolden i 2015 og flytte varelageret til Fortun. Butikken omsette då for ca. seks millionar kroner i året.

Men skjoldingane kom sterkt tilbake. Dei teikna aksjar i eit nybygg, som vart reist på dugnad. 12. mai 2016 kunne nybygget opnast med stor festivitas.

- Eg er utruleg imponert over engasjementet. Til og med utanlandske bærplukkarar kjøpte aksjar i bygget, seier salssjef Ivar Dvergsdal i Coop Marked. Han er ikkje i tvil om at det moderne nybygget, det dugnadsløftet og fellesskapet bygda har vist, har

vore avgjerande for den omsetninga butikken i Skjolden no kan vise til.

NESTEN TI MILLIONAR KRONER

- Ja, i det første heile driftsåret i 2017, nådde vi nær ti millionar kroner i omsetning. Dette var eit hårete mål dei tilsette sette seg på ei personalsamling i sommar, og jammen kom dei nesten heilt i mål med ei omsetning på over 9,7 mill. kroner. Det er imponerende og svært kjekt, seier Ivar Dvergsdal.

Det er adm. dir. Geir Espe heilt samd i:

- Det er så flott at dei har fått ei slik støtte i bygda etter denne satsinga. Det viser at alt er mogeleg når ein vil det nok. Og i Coop er vi veldig glade for å vere tilbake for fullt på lag med bygdefolket i Skjolden.



Coop Marked Balestrand



Coop Marked Askvoll



Coop Marked Brekke: Frå høgre: Janice Ritchie, Monica Avedal, Sylvi Asheim og Renate Sætre.



Coop Marked Barstadvik: Her repr. ved butikksjef Solveig Sørheim.



Coop Marked Fiskå: Butikkmedarbeider Tordis Thunem og salsjef Ivar Dvergsdal.



Coop Marked Florø: Her repr. ved Frode Tyssebotten.



Coop Marked Folkestad



Coop Marked Fortun: Sommar i Forthun; Butikksjefen i Bal-
estrand Dagmar Nese besøker butikken.



Coop Marked Gjerdsvika: Frå venstre: Butikksjef Inger Janne
Gjerde og Jonna Lise Gjerde.



Coop Marked Hornindal: Her repr ved Ole Daniel Nygård.



Coop Marked Kvamøy




Coop Marked Larsnes: Frå venstre butikkmedarbeider Oddb-
jørg Levik og butikksjef Nina Liaset klar for lokalmatsalg.



Coop Marked Lauvstad: Her repr. ved butikksjef Ola Sætre og Rønnaug Liv Sætre.



Coop Marked Moltu: Her repr. ved butikksjef Daniella Cantilla.



Coop Marked Reed



Coop Marked Sandsøya: Her repr. ved frå venstre Laila Voksøy Bringsvor, Kari Anne Sandsbakk, Anna Kirsti Skare.



Coop Marked Leikong: Her repr. ved butikksjef May Iren Kleppe.



Coop Marked Olden: Her repr. ved butikksjef Kjell Nedrebø som vart tilsett 1. febr 2018.



Coop Marked Rovde: Her repr. ved butikksjef Lillian Årskog.



Coop Marked Vadheim



Coop Marked Syvde: Coop Vest sin butikk i bygda er spesielt god på frukt og grønt, og kan sjå tilbake på mange utmerkelser.



Coop Marked Tjørnvåg: Her repr. ved butikksjef Laila Tjørnvåg.



Coop Marked Vassenden: Her repr. ved f.v.: Janne Årdal og Anne Lise Gjesdal Årdal.



Coop Marked Åheim: Her repr. ved butikksjef Jenny Laila Westerås.



Kriteria for å bli årets butikk har fleire element. Det blir basert på auka omsetning, resultat og kundemålingar.



Årets Marked: Coop Marked Lauvstad



MARKED LAUVSTAD blei kåra til "Årets Marked" blant butikkane i Coop Vest. Butikksjef Ola Sætre mottok prisen.



Kriterier for å bli årets butikk har flere element. Det blir basert på auka omsetning, resultat og kundemålingar.



MARKED FRESVIK: Best i løpande kundemålingar i 2017, Olaug Lindborg Hov.



MARKED SANDSØY: Best Lågast på totalsvinn i % og best på trygg mat i 2017, Anna Kirsti Skare.



MARKED BALESTRAND: Størst DB4 etter kjøpeutbytte i 2017, Dagmar Nese.

**coop
prix**



Coop Prix Byrkjelo: Her repr. ved butikkssjef Aslaug Huus.



Coop Prix Gaupne: Bildet er i frå julefest i des 2017, der lokale produsenter hadde stand og lagde fin julestemning.



Coop Prix Svelgen: Coop i Svelgen feira 90 år med stor jubileumsfest. Her repr. ved f.v.: Frå venstre; Katrin Furset, Wenche Winther, Beate Standal.



Coop Prix Hermansverk



Coop Prix Selje



Kriteria for å bli årets butikk har fleire element. Det blir basert på auka omsetning, resultat og kundemålingar.



Årets Prix: Coop Prix Svelgen



PRIX SVELGEN blei kåra til “Årets Prix” blant butikkane i Coop Vest. Butikksjef Geir Gjerde mottok prisen.



**Prosjektsjef
Coop Vest SA
Geir Iversen**



**IT- og
sikkerhets-
sjef
Ole-André
Leivdal**



**VPI-
ansvarleg
Fredrik
Iversen**



**Rekne-
skaps-
ansvarleg
Heidi Helle
Lindeskov**



**Lønns-
ansvarleg
Turid Ness**

Faghandel

Førde Gullsmedforretning



Førde Gullsmedforretning: Her repr. ved frå venstre: Tove Brede Aase, Åse Bøyum, Norhild Holsether.

- ein sportsbutikk med sjel

Hos oss får du personleg service og kyndig veiføding. Vi har høg kompetanse på det vi driv med, har personleg interesse for både sport og friluftsliv. Hos oss kan du gjere ein god, gammaldags handel i ein oversiktleg butikk. Butikken er eigd av Coop og er med i ei medlemsleid kjede som heiter Stadion. Dette gjer at vi kan oppretthalde eit lokalt preg til fordel for deg.

SPORT OG FRITIDSAVD:

Her kan vi hjelpe deg med

- klede - rett kle og rett utstyr
- friluftsliv - alt til turen
- sykkel - alle variantar
- fiske - sjø, fjell og elv
- løping - rett skotøy
- ski - alle typar

FAGAVDELING:

Vi har og eit utval innan faghandel som t.d.

- gåveartiklar m.m.
- kjøkkenutstyr
- småelektrisk
- DAB-radioar

SAMARBEID:

Vi legg stoltheit i å gi kundane rett sports- og friluftstutstyr. Vi samarbeider også med lag og organisasjonar som t.d. IL Høyang, Siplogjengen og Røde Kors, for at dei skal kunne få gode sponsor- og samarbeidsavtar. Vi er LOKALT FORANKRA og stolte av det.

LITT DITT:

Gjer som 1,6 millionar nordmenn, få kjøpeutbytte på alt du handlar hos oss! Som Coop-medlem får du og mange andre fordelar, rabattar og spesialtilbod. Ein RIKARE KVARDAG med andre ord.



Teamansvarleg Kafe: Per Otto Huseklepp. Det er i dag fire kafear i Coop Vest; frå Volda i nord, via Sandane og Byrkjelo til Førde i sør.



Extra Sandane: Butikksjef Extra kafé Sandane, Nyfrid Eide.



Kafe i BakarJon-butikken på Byrkjelo: Avdelingsleiar Janne M. Solheim.



Coop Extra-kaféen i Furene i Volda, dagleg leiar Bente Lillebø.



Manufakturen Høyanger: Frå venstre; Randi Myklebust, Mari- ta Norevik Pedersen og Åse Randi Sæbø

BAKAR-JON



Bakar Jon: Her repr. ved butikksjef Hilde Fjellestad.



Domus Førde: Her repr. ved f.v. Anna Birkeland og Agnes Heilevang.

FREE | QUENT®



Freequent Øvre Årdal: Her repr. ved butikksjef Ingunn Bruheim.



Kriteria for å bli årets butikk har fleire element. Det blir basert på auka omsetning, resultat og kundemålingar.

Årets Faghandel: Extra Kafe Førde



EXTRA KAFE FØRDE blei kåra til "Årets faghandel" blant butikkane i Coop Vest. Butikksjef Per Otto Huseklepp mottok prisen.

Leiargruppa 2017



Geir Espe
Adm. direktør



Rune Økland
Viseadm. direktør



Anne Grepstad
Organisasjonssjef



Stein Joar Solheim
Økonomisjef



Øyvind Indrebø
HR- og Utviklingssjef

Nye butikksjefar 2017



Sylwia Gorka
Extra Stryn



Ingunn Bruheim
Freequent Øvre Årdal



Kjell Grøthe
Extra Lærdal



Desse og fleire gjorde ein kjempejobb under Landsskyttarstemnet. Frå venstre bak bilen: August Malterud, Henrik Hovland, Per Otto Huseklepp. Frå venstre framfor bilen: Marilyn Lesto Lykkebø, Johanne Gjessholm, Ana Kleppe, Rune Øksenberg, Lovise Akse.



Frå venstre: Ida-Marie Hopland, Linnèa Huseklepp Nygård, Julia Solheimsnes Sommer.



Butikksjefane - frå venstre: Rune Øksenberg, Ørjan Alme, Per Otto Huseklepp.

Coop Vest støttar det frivillige arbeidet

Det frivillige arbeidet er lim og kitt i små og store lokalsamfunn.

Dette er noko Coop Vest, som ein viktig samfunnsaktør eigd av kundane, tek på alvor. Difor støttar dei opp om lag, organisasjonar og arrangement i dei områda dei har butikkar.

Coop Vest samarbeider innanfor idrett og andre kulturaktivitetar, miljøarbeid og elles samfunnsnyttige tiltak som mange i våre lo-

kalsamfunn får glede av. Prioriterte område er helse og sunnheit, omtanke, vinnarkultur og kulturaktivitetar med regionalt omfang. Coop Vest satsar på breidde framfor smale målgrupper, barn og unge er ei viktig gruppe for sponsinga.

Coop Vest heiar på alle som gjer ein innsats for andre i sine lokalsamfunn!

Coop skaut innertiar i Kråkenesmarka

Nokre sommardagar i fjor syda det av liv og røre i Førde. Det vart mange gode treff då 5000 skyttarar frå heile landet var samla, både for å skyte og for å treffe gode vener, som det heiter på skyttarspråket. Ein innertiar vart det også for Coop Vest og Extra-folka i Førde.

- Mykje planlegging og ein stor jobb. Men når vi såg kor godt det slo an, og med alle dei gode tilbakemeldingane, var det verdt det. Slik summerer Rune Øksenberg opp, etter at Extra Førde opna eigen butikk og kafé i Kråkenesmarka under Landsskyttarstemnet 2017. Med 5000 skyttarar og kring 15.000 besøkande er dette eit årleg kjempearrangement. Sist sommar gjekk LS av stabelen i Kråkenesmarka ved Førde frå, 27. juli til 4. august i skiftande ver. Det opna ganske fuktig, kan ein trygt slå fast.

HALVTANNA ÅR SIDAN

Extra Førde markerte seg sterkt under arrangementet.

- Som generalsponsor bestemte vi oss tidleg for at når vi først var med, så ville vi gjere det skikkeleg, seier butikksjef på Extra Bygg, Rune Øksenberg, som hadde ansvaret for å koordinere opplegget. Sentrale aktørar i planlegginga var også Ørjan Alme, butikksjef Extra Førde og Per Otto Huseklepp, sjef for kaféen.

- Eg starta med planlegginga halvtanna år før stemnet. Frå jul og utover var vi ei gruppe på fire som kvar veke hadde møte og koordinerte opplegget. Og når det først braka laust, var det naturlegvis full rulle, smiler Øksenberg.

TELT PÅ 180 KVM

Det dei gjorde var å setje opp eit telt på 180 kvm i Kråkenesmarka, som skulle huse butikk, kiosk og serveringsplass.

- Vi valde å legge golv i heile teltet. Det var bra, for når regnet begynte å hølje ned, hadde vi det tørt og fint inne. Teltet leigde vi lokalt, det same med dei som la golvet, så dette gav positive ringverknader. Også ved kaféen i Førde, vart det sett opp eit serveringstelt, der det var stappa fullt gjennom heile Landsskyttarstemnet. Rune Øksenberg rosar arrangørane av LS, som i skrivet til alle deltakarane hadde oppmoda dei om å bruke sponsorane under opphaldet i Førde.

- Det var noko skyttarane slutta lojalt opp om. Det er første gong vi har opplevd ei slikt oppslutning om eit sponsorat i dette formatet, det var ein respons vi var svært godt nøgde med. I kaféane og butikkane våre, både i sentrum og i marka, var det fullt av folk heile tida. Vi hadde lagt oss på «hyggelege prisar», sjølvsagt for å tene pengar, men ikkje med mål om å tyne pengar ut av folk. Dette var noko vi fekk gode tilbakemeldingar på frå brukarane. At vi ikkje greidde å ha nok bollar og bagettar heile dagen, fortel vel det meste om det, seier Øksenberg.

- KNYTER EIN SAMAN

Han er imponert over den innsatsen som vart lagt ned av dei tilsette, for å kome i mål med det hårete opplegget ein hadde lagt. Først var det å etablere butikken og kaféen i marka og sentrum, med alt det praktiske arbeidet dette inneber. Deretter å halde drifta gåande kvar dag, med tusenvis innom. At det skjedde midt i ferietida, gjorde utfordringa større.

- Folk flytte på feriane sine for å få det til. Vi hadde også søndagsope. Det er litt spesielt å opne butikken ein søndag, og sjå at det står 150 i kø utanfor, smiler Øksenberg. Han fortel om godt samarbeid med organisasjonane, og eit samarbeid og samhald mellom dei tilsette i denne perioden som vart spesielt.

- Det å ta eit slikt felles løft er med på å knyte ein saman over avdelingane, og det var kjekt å oppleve, seier Rune, som er imponert over stå på-viljen til dei tilsette.

- Alle kan nemnast. Men eg trur eg nøyer meg Ana og Lovise, to ungdomar som hadde ansvaret for butikken og kaféen i Kråkenesmarka. Eg må også ta med Linn i kafételtet ved butikken i sentrum. Dei gjorde alle ein fantastisk innsats, meir enn ein har lov å vente, i lag med dei gjengane dei hadde med seg.

POSITIVT OMDØME

Han fortel også at det kom folk frå andre kantar av landet, m.a. neste års arrangør, for å sjå og lære av opplegget i Førde.

- Kva sit ein så igjen med etterpå? Var det verd all jobben?

- La meg seie det enkelt; vi gjekk i pluss, men vi vart ikkje rike på dette. Svært mange nytta tilboda vår, vi reknar med at 10.000-12.000 var innom kaféen desse dagane. Omsetninga var god, men det er klart at det også var betydelege kostnader med eit så stort opplegg. Det viktigaste vi sit igjen med er alle dei gode tilbakemeldingane frå kundar og arrangør. Eg er sikker på at dette var positivt for bygging av omdømet vårt, og at dette vart styrka etter LS. Sjefen vår konkluderte med at dette var det best gjennomførte sponsoratet vi hadde vore med på. Då er vi også nøgde, seier Rune Øksenberg, som sjølv sit att med desse minna etter LS 2017:

- Det var krevjande, artig, lærerikt, og moro å sjå korleis våre dyktige medarbeidarar og organisasjonen Coop Vest takla denne store oppgåva. Ei verkeleg kjekk erfaring å ha med seg vidare for alle som var med!

Kvar tredje til Coopen

Coop Vest hentar no nær kvar tredje krone i daglegvarehandelen, omsetninga har passert 1,8 milliardar kroner og medlemstalet nærmar seg 56.000. – Men vi kan ikkje kvile på laurbæra, seier styreleiar Wilhelm Gjertsen.

2017 vart på fleire område eit jubelår for Coop Vest SA. For første gong passerte ein 1,8 milliardar kroner i omsetning, 72 mill. kroner meir enn året før. Medlemstalet har auka med 2000 til nesten 56.000 og marknadsdelen gjekk opp til ca. 32,5 prosent. Dette betyr altså at Coop Vest har nær ein tredel av marknaden i området sitt, det meste av Sogn og Fjordane og søre Sunnmøre. Dette er godt over Coop sin marknadsdel på landsplan.

RESULTAT AV SATSING

- Det er tal som både gjer oss audmjuke og stolte. Det viser at kundane set pris på oss, det vert gjort ein kjempejobb i butikkane og i administrasjonen. Vi har kring 900 tilsette, dei er kvar på sin plass avgjerande for den gode utviklinga. I tillegg ser vi også resultatet av fleire år med store investeringar og utviklingsarbeid i regionsentera. Samtidig har vi halde oppe mykje av det småskala butikknett, som er så viktig ute i det enkelte lokalsamfunnet, seier Gjertsen. Han er svært oppteken av den samfunnsrolla Coop Vest har teke:

- Vi har ein handlingsplan som går fram til 2020, her byggjer vi stein for stein. Vi satsar og byggjer ut i dei ulike sentera. I 2017 kom Stryn og Dale på plass med nye butikkar. Måløy og fleire andre er på køyreplanen, men vi er avhengige av korleis den enkelte kommune legg til rette for oss. Vi veit kor viktig butikken er for det enkelte lokalsamfunn og strekkjer oss langt for å halde på butikkane i distrikta, spesielt der dei ikkje har andre alternativ. Gjertsen fortel at styret i fjor var på Sunnmøre der dei var innom 25 butikkar på to dagar, og til hausten står Sogn for tur.

LOKALMAT GJEV ARBEIDSPlassAR

- Det har vore, og vil bli endringar i butikkstrukturen. Vi må drive med lønsamd, men vi er samtidig medvitne på den store samfunnsaktøren vi faktisk er. Til dette biletet høyrer vår eineståande satsing på lokalmat, der vi også er med på å legge grunnlag for utvikling og nye arbeidsplassar ute på bygdene. Det er fantastisk. Gjertsen peikar også på at Coop Vest kjøper lokale tenester der dei kan, og dei legg store pengar inn i sponing av lag og organisasjonar for å støtte den heilt unike innsatsen dei gjer i lokalsamfunnet.

KONKURRANSEN VERT TøFFARE

Men eit svært godt år til trass, det er ikkje noko tre som veks inn i himmelen, og styreleiaren ser mange utfordringar.

- Det er slett ikkje sjølvsgatt at veksten vil halde fram. Vi kan ikkje kvile på våre laurbær. I vårt område er ikkje folkeveksten spesielt stor. Skal vi halde fram med å vekse, må vi hente det frå andre. Konkurransen er knallhard i daglegvaremarknaden, og den krigen vert tøffare i 2018 enn den var i fjor. Netthandelen er eit utfordring for oss, som alle andre. Den digitale utviklinga går sin gang, og vil medføre store endringar for butikkane som for alle andre område i samfunnet. Ikkje minst for å nå dei unge, er det heilt avgjerande å henge med, seier Gjertsen. Han er glad for at Coop Vest ligg heilt



2017 gav rekord både når det galdt omsetning, marknadsdel og medlemstal i Coop Vest. – Men vi kan ikkje kvile på laurbæra, konkurransen blir berre tøffare i tida som kjem, seier styreleiar Wilhelm Gjertsen i Coop Vest SA.

i spissen når det gjeld sjølvskanning i Extra-butikkane, og at ein har utvikla fleire appar, som gjer medlemsfordelane enda større. Fleire unge

- Vi er ei aldrande befolkning, og det same har vore tilfelle for medlemsmassen vår. No ser vi at vi har fått med fleire unge medlemmar, det gleder meg svært mykje. Etter kvart må vi også få dei meir med i styr og stell i organisasjonen.

- Samyrkjelaga vart laga for å levere gode og samfunnsnyttige varer til ein grei pris, og der dei som handla også vart eigarar av butikken. Det er ingen eigarar som gjer seg rike på Coopen. Ideologien lever nok enno, men folk er ikkje så lojale som før. No må ein levere og prestere kvar dag. «Kunden først» er no eit stort satsingsprosjekt i Coop, det er svært bra. Kunden er sjefen, seier Wilhelm Gjertsen.

KATEDRAL OG KOMMERS

- I samspelet mellom katedral og kommers i Coop, lever nok katedralen enno, men ikkje så sterkt som før. Somme vil seie at ein prosent utbyte er for lite. Men vi har altså valt å prioritere å byggje ut butikkstrukturen og utvikle dei større sentera, i tillegg til å halde på bygdeprofilen. Og så blir utbyttet ein god del større for den enkelte, om ein brukar alle dei gode medlemsfordelane ein har, understrekar styreleiaren.

- I året som har gått vart det ei historisk hending med at Coop Norge Handel vart fusjonert inn i Coop Norge SA. Eit selskap med styre samansett av både tillitsvalde og direktørar frå S-laga i Noreg, og ei felles oppfølging av både katedral og kommers for Coop i Noreg. Ei rasjonell og god justering av å halde felles fokus på dei to viktige ideala i det litt annleis Coop, legg styreleiaren til.

FUSJON IKKJE TEMA NO

Som kjent har Stortinget vedteke at Sogn og Fjordane og Hordaland fylke skal slåast saman frå 2020. Men nokon fusjon, i eit slikt perspektiv, står ikkje på køyreplanen til Coop Vest i dag.

-Vi hadde samanslåing med Hordaland oppe på årsmøtet i 2016. Utsendingane frå dei fire regionane våre hadde fått ei grundig og nøytral utgreiing, og sa klart nei til ein fusjon. Men vi følgjer sjølvsgatt med i det som skjer kring oss, seier styreleiar Wilhelm Gjertsen.

Så tyder også utviklinga i Coop Vest SA på at dei står trygt og godt på egne bein.

Årsmelding og rekneskap

Coop Vest SA er eigd av nær 56 000 medlemmar/eigarar, og består av tidlegare fusjonerte lag frå Sogn og Fjordane og Sunnmøre. Coop Vest SA driv i dag 65 butikkar i 28 kommunar i Sogn og Fjordane og på Sunnmøre. Hovudtyngda av verksemda er sal av handelsvarer til medlemmar og kundar. Coop Vest SA sel mest daglegvarer, byggevarer, klede, sko og varer til landbruket. Hovudkontoret ligg i Førde.

SAMYRKJELAGA I NOREG

Den 31.12. 2017 var 87 samyrkjelag medlemmar av Coop Noreg. Det var ein nedgang på fire lag som følgje av fusjonar. Ved utgangen av 2017 var det 1.627.408 medlemmar i norske samyrkjelag knytt til Coop Noreg. Tilsvarande tal for året før var 1.550.489.

Samyrkjelaga i Noreg ser ut til å få ein samla omsetnad i 2017 på om lag 44,6 milliardar kroner. Dette er ein auke på 2,2 prosent frå 2016. I tillegg kjem omsetnaden frå Norsk Butikkdrift AS, som er eigd av Coop Noreg SA. Inkluderer ein Norsk Butikkdrift, vert den samla omsetnaden på om lag 51,7 milliardar kroner.

Det ser ut til at Coop sin marknadsdel på landsplan har auka frå 29,4 prosent i 2016 til 29,7 prosent i 2017.

IKKJE AUKE I MATVAREPRISANE

Årsveksten i konsumprisindeksen var 1,8 % for 2017 (Kjelde SSB 23.1.2018). Dette er ei halvering av årsveksten for 2016. Prisoppgangen på straum og drivstoff var høgare enn gjennomsnittet.

For matvarer, som har hatt ei klar årleg auke dei siste åra, var det derimot nær nullvekst frå 2016 til 2017. Men det var likevel store prisrørsler gjennom året. Dei siste åra har matvareprisane hatt eit tydeleg sesongmønster. Det har vore prisauke på våren og fram til sommaren, med unntak av påskemånaden, men frå august og ut året har prisane gått nedover igjen. Dette mønsteret såg vi også i 2017. Det var rett nok ein uvanleg stor nedgang i august med 3,4 prosent, men samla prisnedgang frå juli til desember er om lag som i 2016. Prisnedgangen før jul og påske skuldast tilbudsaktivitet, medan variasjonane elles har med sesongane i matproduksjonen og sesongbestemte norske tollbarrierar på frukt og grønt å gjere.

Prisane på kjøt gjekk ned med 2,3 prosent, og var viktigaste årsaka til at matvareprisane ikkje auka i 2017. Også for andre varegrupper som sjokolade, chips og frukt var det nedgang i prisane. Det var ein stor auke i prisane på fisk i 2017. Spesielt for laks og fersk aure, der prisane auka meir i Noreg enn på fisken vi eksporterer. Dette kan skuldast at ein har hatt lange kontraktar mellom grossistar og daglegvarebransjen, som har halde prisane

her lågare enn eksportprisane dei siste åra. Når fleire av desse no vert reforhandla, kjem det eit tydeleg prishopp.

ØKONOMI I COOP VEST SA

Coop Vest SA har også i 2017 halde fram sin plan knytt til å fornye butikkane. Vi gjer dette for å ruste oss for framtida. Styret ser det som svært viktig å fornye butikkmassen, spesielt i regionsentera. Denne satsinga er kostnadskrevjande, men er viktig for å auke framtidige marknadsdelar. Omsetninga i Coop Vest SA auka frå kr. 1.786 mill. i 2016 til kr. 1.859 mill. i 2017. Dette er ein auke på kr. 72,9 mill. eller 4,1 %. Bruttofortenesta enda på 20,88 % i 2017 mot 21,08 % i 2016. Netto positiv kontantstraum frå dei operasjonelle aktivitetane til selskapet var på kr. 61 mill. i 2017 mot kr. 65 mill. i 2016. Netto negativ kontantstraum frå investeringsaktivitetar var kr. 24 mill. i 2017 mot kr. 50 mill. i 2016. Netto negativ kontantstraum frå finansieringsaktivitetar er kr. 16 mill. i 2017 mot kr. 3 mill. i 2016. Nettobehaldning av kontantar er kr. 167 mill. i 2017 mot kr. 147 mill. i 2016.

Kontantstraumen frå drifta er positiv, og auken i kontantbeholdning kjem i hovudsak som følgje av dette.

Personalkostnad målt i høve til omsetning, er redusert samanlikna med 2016 12,55 % av omsetnaden i 2017 mot 13,03 % i 2016. Årsresultatet etter skatt er kr. 18,9 mill. i 2017 mot kr. 20,8 mill. i 2016, ein reduksjon på kr. 1,9 mill. Årsaka til resultatnedgangen frå 2016 er først og fremst eingongseffektar relatert til gevinst ved sal av eigedom. Utviklinga i sjølve butikkdrifta har i 2017 vore positiv, og fleire butikkar har vist gode resultatforbetringar.

Totalkapitalen for Coop Vest SA var ved utgangen av 2017 kr. 759 mill., ein auke frå 2016, då totalkapitalen ved utgangen av året var kr. 748 mill. Eigenkapitalen ved utgangen av året er på kr. 318 mill. (41,90 %), mot kr. 298 mill. (39,90 %) på same tid i 2016. Årsaka til auken i eigenkapital er årets resultat. I ein situasjon med framleis stor investeringsaktivitet er styret nøgd med at ein klarer å styrke ein allereie god eigenkapital. I den verdjusterte eigenkapitalen på over 50 %, brukar Coop Vest SA reell verdi på eigedomar som verksemda direkte og indirekte eig.

Dette gjev laget vesentleg handlefridom dei komande åra.

Disponering av årsresultatet

Styret vil gjere framlegg om at årsresultatet vert nytta slik:

Til rente på ansvarsinnskott.....	kr.	81 900
Til annan eigenkapital.....	kr.	18 824 376
Sum....	kr.	18 906 276

TILHØVE ETTER REKNESKAPSÅRETS SLUTT

Det har ikkje skjedd noko etter rekneskapsårets slutt som er viktig for den framlagde årsrekneskapen.

MEDLEMSUTVIKLING

Som ein medlemseigd organisasjon har Coop ein god plass i varehandelen. Kjøpeutbyte og medlemsrabattar blir utbetalt til medlemmane; som alle har eigardelar. Ved utgangen av 2017 var det 55 658 medlemmar i Coop Vest SA.

Coop Vest SA sitt medlemskort vert brukt på om lag 72 % av all

omsetnad i våre butikkar. Kjøpeutbyte, rabatt frå samarbeidspartnarar og renter på medlemskontoen blir utbetalt med til saman kr 31 524 000.

SPAREORDNING

Stadig fleire brukar spareordninga i samyrkjelaga. Totalt har medlemmane kr 314 505 746 i Coop Vest SA. Rentene er konkurransedyktige, og innskota er garantert av samyrkjelaga sitt Garantifond A/L. Medlemmane kan sjekke saldoen på eiga medlemsside på coop.no.



«Extra stort utval til Extra låge prisar»

Tal butikkar: 14

Omsetnad: kr 927 823 503

Extra står for 49,91 % av omsetninga i Coop Vest SA. I februar opna Extra Stryn. Extra Ørsta blei stengt i mars. Marked Dale stengde i november, samtidig som vi opna Extra Dale i nye lokale. Extra Volda er den butikken som har hatt størst vekst i 2017, med 13,8 %.



«Eit hav av freistingar»

Tal butikkar: 3

Omsetnad: kr 180 269 863

Coop Mega står for 9,70% av omsetninga i Coop Vest SA. Coop Mega Volda er den butikken som har størst vekst, med 3,7 %.



«Smil du har gjort ein god deal»

Tal butikkar: 6

Omsetnad: kr 190 642 681

Coop Prix står for 10,26% av omsetninga i Coop Vest SA. Coop Prix Lærdal stengde 31.12.17. Butikken blir rehabilitert og opnar som Extra Lærdal i februar 2018. Coop Prix Svelgen er den butikken som har hatt størst vekst i 2017, med 1,9 %.



«Godt vi har kvarandre»

Tal butikkar: 26

Omsetnad: kr 287 526 926

Coop Marked står for 15,47 % av omsetninga i Coop Vest SA. Coop Marked Brekke er den butikken med størst vekst, med 13,2 %.



«Din lokale faghandel»

Tal butikkar: 3

Omsetnad: kr 33 190 117

Coop Byggmix står for 1,79 % av omsetninga i Coop Vest SA. Coop Byggmix Gaupne er den butikken med størst omsetningsvekst, med 13,3 %.



«Byggevarer til Extra låge prisar heile året»

Tal butikkar: 3

Omsetnad: kr 174 645 378

Extra Bygg står for 9,40 % av omsetninga i Coop Vest SA. Extra Bygg Volda er den butikken som har størst vekst, med 33,4 %.

Faghandel/kaféar

Tal butikkar: 10

Omsetnad: kr 64 733 965

Faghandel og kaféar står for 3,48 % av omsetninga i Coop Vest SA. Gruppa består av Extra kaféar i Førde, Sandane og Volda, Domus Klede i Førde og Høyanger, Freequent kle i Øvre Årdal,

Sporten Høyanger, Førde Gullsmedforretning og Bakar Jon. Frequent Sogndal vart avvikla 31.12.17. Extra Kafé Volda er den avdelinga som har størst omsetningsvekst på 8,0%.

COOP VEST EIGEDOM AS

Coop Vest SA har store verdier i eigedomar.

Desse eigedomane er delvis eigde av samyrkjelaget og delvis gjennom eigedomsselskapet Coop Vest Eigedom AS. Aksjane i dette eigedomsselskapet er likt fordelt mellom Coop Vest SA og Coop Norge Eigedom AS.

Coop Vest Eigedom AS skal utvikle eksisterande og nye eigedomar, og ivareta Coop Vest SA sine interesser i utviklingsprosjekt. Verksemda har stilt ferdig nytt, stort byggeprosjekt i Stryn i 2017. Coop Vest Eigedom AS har avtale med Coop Eigedom Forvaltning AS og Byggforvaltning Norge AS om drift og forvaltning av selskapet.

Coop Vest Eigedom AS er medeigar i Sjøsandene Eigedom AS i Naustdal, Moengården Vest AS på Nordfjordeid, Setrevegen 2 AS i Stryn, og utviklingsprosjekt gjennom Coop Vest Eigedom Øyrane AS og Citus AS i Førde. I tillegg eig selskapet 100 % av aksjane i Coop Vest Eigedom Ulsteinvik AS, Coop Vest Eigedom Ørsta AS og Coop Vest Eigedom Volda AS.

ÅRSMØTET

Årsmøtet er Coop Vest SA sitt øvste organ med 30 representantar. Av desse representerer 20 personar dei medlemsvalde, medan ti er valde av dei tilsette. Ordførar er Harald Kvame og varaordførar er Jermund Fimreite. Ordføraren vert kalla inn til alle styremøte med talerett, men ikkje røysterett.

Årsmøtet har i 2017 hatt to møte og handsama 24 saker. Det har vore halde to regionrådsmøte og eitt medlemstreff i kvar region i 2017.

STYRET

Styret har i 2017 hatt sju møte og 73 saker vart behandla. På kvart møte får styret rapportar som viser økonomisk utvikling i den einskilde butikk kvar månad og resultatet så langt i året.

REPRESENTASJON

Trudi Vågane og adm.dir. Geir Espe er medlemmar av Årsmøte i Coop Norge SA.

VÅRE TILSETTE

Gjennom 2017 har til saman 1417 personar hatt tilsetjingstilhøve i Coop Vest SA, og ved årets slutt var det registrert i alt 831 tilsette. Av disse var det 167 heiltidsstillingar og 714 deltidstillingar/ekstrahjelpar, totalt 441 årsverk.

Kvinnedelen av tilsette i laget er stor, 72,6 % av alle tilsette var kvinner.

Laget hadde i 2017 i alt 48 kvinner og 35 menn i leiande stillingar.

DISKRIMINERING

Diskrimineringslova sitt føremål er å fremje likestilling, sikre like mogelegheiter og rettar, i tillegg til å hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn.

Coop Vest SA arbeider målretta for å fremje lova sine føremål innanfor vår verksemd. Aktivitetane omfattar mellom anna rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, forfremjing, utviklingsmoglegheiter og vern mot trakassering. Selskapet har som mål å vere ein arbeidsplass der diskriminering ikkje finn stad på grunn av nedsett funksjonsevne. Laget arbeider aktivt og målretta for å utforme og legge til rette dei fysiske tilhøva slik at verksemda sine ulike funksjonar kan nyttast av flest mogleg. For arbeidstakarar eller arbeidssøklarar med nedsett funksjonsevne, føreteik vi individuell tilrettelegging av arbeidsplass og arbeidsoppgåver.

GULLKLOKKER

I 2017 var det i alt tre tilsette som fekk gullklokke, etter 25 års samanhengande tenestetid.

Dei tre er: Jorunn Kjøs, Coop Marked Hornindal, Elisabeth Jorunn Helle, Extra Øvre Årdal og Gunnhild Helene Alvestad, Coop Mega Volda.



Extra Dale opna 16. november 2017 Flott bukett tilsette ønskte kundane velkommen med.

KOMPETANSE

Utvikling av kompetansen hjå dei tilsette er til ei kvar tid viktig for å skape framgang i laget. I tillegg var nye butikksjefar gjennom programmet «Leining som fag».

Coop Vest SA har fokus på å legge til rette for unge, lovande tilsette i laget, og har mellom anna utvikla eit eige traineeprogram. I 2017 avslutta vi kull fire, totalt 21 unge lovande leiarar har vore gjennom dette programmet, med felles samlingar der trening står sentralt. I tillegg er traineeane ute i praksis, der dei får oppfølging av eigen rettleiar.

I samband med rekruttering av nye, unge tilsette, har Coop Vest SA inngått ein samarbeidsavtale med Mo og Øyrane vidaregåande skule om 4S-ordning: Sal, service og sikkerheit med studiekompetanse. Eleven deltek vekselvis på skulen og i Coop Vest SA i fire år. Til saman fire år på skule og i bedrift gjev fagbrev og studiekompetanse. I 2017 var det i alt ni elevar i denne ordninga. Dette er ei populær ordning, der mange elevar ønskjer ein avtale med Coop Vest SA. Tre nye elevar blir tekne opp i 2018.

ARBEIDSMILJØET

Coop Vest SA har frå 2010 vore IA-bedrift, og laget har gjennom IA-systemet arbeidd aktivt for å redusere sjukefråværet. Dette arbeidet har også gitt resultat. Det totale sjukefråværet var i 2011-

7,2 %, 2012-6,7%, 2013- 7,4 %, 2014 - 6,6%, 2015 - 6,4 %, 2016- 5,6 %. I 2017 var det totale sjukefråværet 5,58 %. Av dette utgjorde kortidsfråværet 1,98 %.

I 2017 er det registrert to skader som har medført sjukmelding.

Målsetjinga for HMS- arbeidet i Coop Vest SA er primært å førebygge ulukker og helseskadar, i tillegg til å skape trivsel for medarbeidarane. Gjennom eit godt arbeidsmiljø, gode rutinar og konkurransedyktig drift, skal vi lage gode løysingar som kundane våre ynskjer å nytte.

Samarbeids- og miljøutvalet har, etter valet i 2017, hatt følgjande samansetning:

Frå arbeidstakar: Vegard Andenes, Bjørg Aase, Arna Fjellkårstad, Anne Njøsøen Østenstad, Børt Petter Hjelle, Anna Kirsti Skare og Tom Henrik M. Nevstad.

Frå arbeidsgjevar: Wilhelm Gjertsen, Geir Espe, Rune Økland, Øyvind Indrebø og Anne Grepstad.

Arbeidet i Samarbeids- og miljøutvalet har vore utført i samsvar med retningslinjene. Laget har hatt fem møte i 2017, og har mellom anna drøfta ombyggingssaker, opplæring, informasjonsrutinar, butikkstruktur og vernerundar.

REGIONALE SAMLINGAR

Coop Vest SA gjennomførte hausten 2017 to regionale samlingar for tilsette og medlemstillitsvalde i laget. Den eine vart gjennomført i Volda, medan den andre vart gjennomført på Skei i Jølster. I tillegg til informasjon om drifta i Coop Vest SA, vart det arrangert middag og utdeling av gullklokker.

MILJØ

Omfanget når det gjeld ureining av det ytre miljø, som følgje av laget si verksemd, er akseptabelt.

Kjerneverksemda til Coop Vest SA er kjøp og sal av varer. Verksemda påverkar miljøet direkte og indirekte gjennom transport, avfall, energiforbruk og miljømessige konsekvensar varene kan medføre etter at dei er selde til forbrukar.

Miljøaspektet har sterk forankring i Coop sitt verdigrunnlag. Ein av Coop sine kjerneverdier er «omtanke» – for menneske, dyr og miljø. Vi søker difor å motverke miljømessige skadeverknader gjennom ein strategi som går på å vere i fremste rekke når det gjeld avfallshandtering, bruk av miljøvenlege kjølemedia, varme-gjenvinning og energioptimalisering generelt. Ved ombyggingar og ved planlegging av nye butikkar tek vi miljøomsyn. Coop satser aktivt på å bygge ut daglegvaresortimentet med økologiske og miljøvennlege produkt. Med dette håpar vi å medverke til gode haldningar blant medarbeidarar og forbrukarar. Coop sine daglegvarekjeder er mellom dei store norske kjedene som har størst sortiment av økologiske og miljøvenlege varer. Våre verdier skal

prege det arbeidet vi gjer gjennom vegval, samarbeid internt og eksternt, kunderelasjonar og heile bedriftskulturen.

FINANSIELL RISIKO OG UTSIKTER FRAMOVER

Likviditeten i laget vert vurdert som tilfredsstillande. Det er ikkje bestemt å gjennomføre tiltak som endrar likvidetsrisikoen. Største likvidetsrisiko relaterer seg til uttak av medlemsinnskott. For Coop Vest SA sin del så meiner vi at denne risikoen er avgrensa, som følgje av eit konkurransedyktig rentenivå.

Årets resultat viser ein positiv trend for laget. Fleire butikkar har i 2017 vist gode resultatforbetringar.

Det er framleis rom for betring, og vi vil ha fokus på å redusere sinnet, auke effektiviteten og sikre eit godt arbeidsmiljø.

Våre oppgraderingsprosjekt i eksisterande butikkportefølje har gjeve omsetningsauke. Dei siste års store investeringsprosjekt tyngjer framleis nokre av avdelingsrekneskapa, men auka konkurransekraft er venta å trygge butikkane og gje framtidig god lønsemd. Nye oppgraderingsprosjekt er planlagt i åra framover. Likviditeten vert vurdert som tilfredsstillande til å kunne gjennomføre planlagte investeringar.

Nyetableringar vert vurdert fortløpande i høve til moglegheiter i marknaden, kalkulert inntening og risiko. Slik skal salsvekst og langsiktig lønsemd sikrast.



Extra Stryn: Frå venstre: Signe E. Belden, Rune Berger, Åslaug Gjelsnes, Ingeborg Nesheim, Sylwia Gorka, Dag Tjäder, Ronny Sørbotten, Kenneth Aaland, Linda Gran, Jon Myklebust.

GRUNNLAGET FOR VIDARE DRIFT

Årsrekneskapen er gjort opp ut frå føresetnad om vidare drift. Styret meiner at det er grunnlag for vidare drift.

Styret meiner at den framlagde rekneskapen gjev eit rett bilde av Coop Vest SA sine eigedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat.

KJØPEUTBYTE 2018

Det er førehandsgarantert 1 % kjøpeutbytte for år 2018.

AVSLUTNING

I skrivande stund er vi allereie langt inne i eit nytt år, med nye store oppgåver for Coop Vest SA. Året vert krevjande, med mange

moglegheiter. I ei tid med store butikkomleggingar står arbeidsoppgåvene i kø. Saman skal vi gjere alt for at Coop Vest SA skal ha ein sterk marknadsposisjon og stå fram med gode og tidsriktige butikkar.

Vi må fokusere på rasjonell, effektiv og konkurransedyktig drift. Butikkane i marknadsområdet vårt må tilpassast kundane for å vinne konkurransen.

Styret vil til slutt takke alle som i år 2017 har bidrege til den positive utviklinga i Coop Vest SA. Takka går til alle tilsette for stor og god innsats og til tillitsvalde på alle plan. Ei særleg takk til våre medlemmar og kundar som støttar opp om laget.

Førde , 6. mars 2018

Wilhelm Gjertsen

Wilhelm Gjertsen
Styreleiar

Kari Riise

Kari Riise
Nestleiar

Geir Årvik

Geir Årvik
Styremedlem

Svein Arne Høyheim

Svein Arne Høyheim
Styremedlem

Britt Randi Tjønneland

Britt Randi Tjønneland
Styremedlem

Anna Kirsti Skare

Anna Kirsti Skare
Styremedl. valt av tilsette

Martin Hamre

Martin Hamre
Styremedl. valt av tilsette

Anders Kleiveland

Anders Kleiveland
Styremedl. valt av tilsette

Geir Espe

Geir Espe
adm. direktør

Styret i Coop Vest SA



Wilhelm Gjertsen



Kari Riise



Geir Årvik



Svein Arne Høyheim



Britt Randi Tjønneland



Anna Kirsti Skare



Martin Hamre



Anders Kleiveland



Geir Espe

Resultatrekneskap

1. januar – 31. desember

(Beløp i NOK 1000)	Note	2017	%	2016	%
Salsinntekt	3	1 858 832	100,0	1 785 884	100,0
Kjøpeutbytte til medlemmar	1	13 321		12 821	
Netto omsetning		1 845 511		1 773 063	
Varekostnad		1 457 458	78,4	1 396 562	78,2
Bruttoforteneste		388 054	20,9	376 501	21,1
Andre driftsinntekter	2	48 213	2,6	53 501	3,0
Netto driftsinntekter		436 267	23,5	430 002	24,1
Lønskostnad	5, 6	233 241	12,5	232 700	13,0
Avskrivning på varige driftsmiddel	7	37 026	2,0	33 460	1,9
Annan driftskostnad	7, 14	139 956	7,5	135 824	7,6
Sum driftskostnader		410 223	22,1	401 984	22,5
Driftsresultat		26 045	1,4	28 017	1,6
Finansinntekter	2	3 708	0,2	4 068	0,2
Finanskostnader	2	3 832	0,2	3 933	0,2
Netto finansielle postar		-124	-0,0	135	0,0
Ordinært resultat før skattekostnad		25 921	1,4	28 152	1,6
Skattekostnad på ordinært resultat	10	7 015	0,4	7 342	0,4
Årsresultat		18 906	1,0	20 810	1,2
Overføringer					
Overført til renter av ansvarsinnskot		82		79	
Overført til anna eigenkapital		18 824		20 732	
Sum overføringer		18 906		20 810	

Balanseoppstilling

31. desember

(Beløp i NOK 1000)	Note	2017	%	2016	%
EIGENDELAR					
ANLEGGSMIDDEL					
Immaterielle eigendelar					
Utsatt skattefordel	10	5 200		5 868	
Goodwill	7	276		642	
Sum immatrielle eigendelar		5 476	0,7	6 510	0,9
Varige driftsmiddel					
Aktiverte kostnader leigde lokaler	7	14 474		15 028	
Tomter, bygningar	7,9	177 950		186 800	
Maskiner og anlegg	7	39 278		41 987	
Inventar, kontormaskiner	7	53 773		52 601	
Sum varige driftsmiddel		285 475	37,6	296 415	39,6
Finansielle anleggsmiddel					
Investering i tilknytte selskap	8	72 036		72 036	
Andelsinnskot NKL		35 302		35 302	
Investering i aksjer og andelar	8	1 119		1 110	
Netto pensjonsmiddel	6	693		613	
Sum finansielle anleggsmiddel		109 150	14,4	109 060	14,6
